

---

## Søkar

---

### Institusjonsopplysningar

Kommunenamn	Austrheim kommune
-------------	-------------------

Institusjonsnamn	Austrheim bibliotek
------------------	---------------------

Kontonummer	15941180407
-------------	-------------

Leiar av institusjonen

Førenamn	Kari Torkildsen
----------	-----------------

Etternamn	Utkilen
-----------	---------

Telefon	95 942 213
---------	------------

E-post	kari.utkilen@austrheim.kommune.no
--------	-----------------------------------

Er leiar av institusjonen kontaktperson for Ja  
tiltaket?

---

## Tiltak

---

### Beskriv tiltaket

Namn på tiltaket	Luftig leseglede
------------------	------------------

Mål for tiltaket	Målet med aktiv formidling, "Luftig leseglede", er å fremja leselyst. Gjere bibliotektilbodet kjent, og få fleire lånarar. Auke i aktivitet og arrangement. Jobbe for at det vert eit fast tiltak.
------------------	--

---

Beskriving av tiltaket

Den nasjonale bibliotekstrategien legg vekt på aktiv formidling. At me no er oppfordra til å kome oss ut av biblioteket passer oss i Austrheim midt i blinken. Austrheim folkebibliotek har i fleire år hatt fokus på formidling, og me har teke del på aktuelle utdanningstilbod og kurs for å auke kompetansen med formidling. I 2020 fekk me tilskot frå UDIR til prosjektet "Eitt bibliotek - biblioteket for leseglede, kunnskap og trivsel". Det var eit samarbeidsprosjekt for skulebiblioteka og folkebiblioteket. Folkebiblioteket har no fått ansvar for skulebiblioteka, og me følgjer opp målsettinga om formidling og fokus på bruk av biblioteket i alle fag m.m. I verksemdsplanen for kulturavdelinga 2019-2022, "Kulturen, limet som bind oss saman", står det i handlingsprogrammet at biblioteket skal formidle litteratur. Det er også med eit punkt om at kommunen skal lage plan for biblioteket som del av ein kulturplan. I årshjulet/arbeidsplanen 2020 for biblioteket, vil me formidle litteratur i sommarbiblioteka og på dagsturhytta. Me har god erfaring med å bruke leseglede via fylkesbiblioteket, forfattarturné mm, og me har prøvd høgtlesing på friluftssamarbeid. Biblioteket har tett samarbeid med kulturavdelinga, og me er vane med å samarbeide tverrfagleg og med frivillige lag og organisasjonar. No vil me bibliotekarar nå endå fleire med lesing og formidling i friluft. Me vil spreie leseglede gjennom aktiv formidling i friluftsområda, i sommarbiblioteka, i gapahukar, i parken, og på ulike utearrangement. Prosjektet kallar vi "Luftig leseglede". Me legg vekt på at denne form for formidling skal bli eit varig tilbod i Austrheim. "Luftig leseglede" er eit supert tiltak for å fremja leselyst og god folkehelse. Som Lindy Andersen har uttalt i ein artikkel: "Leselyst er rett og slett den aller sterkeste superkraften".

---

## Samarbeidspartnarar

---

Har du samarbeidspartnar(ar)?

Ja

---

Namn

Grendalag

---

Beskriv samarbeidet

Høgtlesing i Dagsturhytta Vardetangen med det Nynorske turbiblioteket, i sommarbiblioteket i friluftsområda Årvika, og Øksneset. Me vil også ha høgtlesing i ulike gapahukar/møteplassar i ulike turstiar i kommunen. Me vil invitere til samarbeid med grendalag, og nå ut til medlem og målgrupper via laga sine kommunikasjonskanalar. Nytt facebookgrupper mm.

---

---

Namn	Saniteten og Vaksenopplæringa
Beskriv samarbeidet	Me vil invitere minoritetskvinner, og andre framandspråklege med på "Luftig leseglede". Saniteten har ei turgruppe for denne målgruppa, og vi har god erfaring med å samarbeide med Saniteten.
Namn	Nordhordland Turlag og Friskus
Beskriv samarbeidet	Vegen til Dagsturhytta er universell, og me kan invitere til "Luftig leseglede" ved arrangement tilpassa DNT-tilrettelagt. På "Kom deg ut dag" kan vi formidle litteratur i Øksneset eller andre friluftsområde. Kjekt om me får til høgtlesing rundt leirbålet. Friskus er eit tilrettelagt tilbod med turar i friluft, padling og klubbkveldar. Biblioteket samarbeidar godt med kulturavdelinga om tilbod til Friskus.
Namn	Strikkeklubbar
Beskriv samarbeidet	"Strikk & Lytt" er eit arrangement publikum set pris på i biblioteket. No vil vi flytte arrangementet til Dagsturhytta, og me vil oppfordra til at strikkeklubbar strikker sitjeunderlag. God stemning i hytta med noko godt å bita i, ei god forteljing, prat og strikk.
Namn	Helsestasjonen/Familiens hus/Ungdomsklubben
Beskriv samarbeidet	Helsestasjonen/Familiens hus har lokale ved sia av Austrheim folkebibliotek. Me planlegg å invitere til småbarnstreff og "Luftig lesing" i parken framfor kommunehuset. Helsesjukepleiar har ytra ønskje om eit samarbeide med ungdom som målgruppe. Biblioteket kan formidle litteratur, og me kan samlast rundt eit godt måltid på "Tusenårsstaden" med amfi og fin uteplass. For å nå ungdom vil me samarbeide med ungdomsklubben.

---

---

## Budsjett

---

### Inntekter

---

Omsøkt beløp frå Nasjonalbiblioteket	75 000
--------------------------------------	--------

---

Beskriving andre inntekter	Eigenfinansiering "Luftig leseglede"
----------------------------	--------------------------------------

---

Beløp	25 000
-------	--------

---

Samla inntekter:	100 000
------------------	---------

---

### Utgifter

---

Beskriving andre utgifter	Arbeidsinnsats og transport til aktiv formidling ut av biblioteket, "Luftig leseglede"
---------------------------	--

---

Beløp	10 000
-------	--------

---

---

Beskriving andre utgifter	Marknadsføring, profilering av tiltak i aktiv formidling, "Luftig leseglede"
---------------------------	--

---

Beløp	10 000
-------	--------

---

---

Beskriving andre utgifter	Beverting ved ulike tiltak "Luftig leseglede"
---------------------------	---

---

Beløp	5 000
-------	-------

---

---

Beskriving andre utgifter	Frikjøp av personell til aktiv formidling, "Luftig leseglede"
---------------------------	---

---

Beløp	75 000
-------	--------

---

---

Samla utgifter:	100 000
-----------------	---------

---

Inntekter - utgifter

---

0